# DEN NORSKE KIRKE
## Høyanger kyrkjelege fellesråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100

Kyrkjekontoret 05.05.2019

**Møtebok Høyanger kyrkjelege fellesråd**
Møtedato: 25.04.2019
Møtetid: kl. 10:00
Møtested: Høyanger Kyrkjekontor (Møterom)

**Tilstades:**
Audun Digranes, Jarle Berge, Marte Igelkjøn, Vidar Myren, Torunn Styve, Sissel Sørebø, Sølvi Gunn Kalstad, Solveig Norevik.

**Meldt forfall:**
Geir Ytredal, Runar Matsui-Li, Irene Aase Aarseth

**Kopi av møteboka går til:**
Hilde Ullebø Thabyan, Lillian Hommedal, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Jarle Berge, Gunnbjørg Rosvold Friis, Ingrid Aven, Bodil Førde, Frode Merkesvik, Andreas Ester, Geir Sørebø, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Toril Lange, Katarina Vattekar, Postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste**

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.
Innkalling og møtereferat vart godkjent utan merknader.

**Meldingssaker**

**000012 Orientering til fellesrådet**
Fellesrådsleiar orienterte om ei sak som er unnateke offentlegheit.

**000013 Rekneskapsrapport drift og investering**
Rekneskapsrapport for drift og investering vart gjennomgått.

**000014 Fornying av programvare og datautstyr ved kyrkjekontoret**
Kyrkjeverja orienterte.

**Vedtakssaker**

**Sak 008/19 VURDERING AV FRAMTIDIG KONTORLOKALE I HØYANGER**

*Vedtak:*
Kyrkjeverja får fullmakt til å ta opp forhandlingar med Høyanger kommune om kontorlokale i Elvegata 22, samt å inngå mellombels leigeavtale for noverande kontorlokale i Dalevegen 4.

**Sak 009/19 TILBOD OM BEDRIFTSHELSETENESTE**

*Vedtak:*
Høyanger kyrkjelege fellesråd bør vere tilslutta ei bedriftshelseteneste, og fellesrådsleiar får fullmakt til å underteikne vedlagde rammeavtale med Høyanger Bedriftshelseteneste AS.

**Sak 010/19 HØYANGER BEDEHUS SOM KYRKJELYDSHUS?**

*Vedtak:*
Høyanger kyrkjelege fellesråd støttar Høyanger sokneråd sin uttale og vedtak i sak 009/19, der det heiter:

«Høyanger sokneråd meiner at Høyanger bedehus er eit lokalt viktig bygg som det vil vere viktig å bevare av kommunale og lokalhistoriske grunnar. Høyanger sokneråd har brukt bedehuset i mange år, og ser på bygget som viktig for både Høyanger sokn og Kyrkjebø sokn sitt framtidige kyrkjelydsarbeid. Soknerådet meiner og at det er eit viktig bygg for lokalsamfunnet. Høyanger sokneråd har ikkje ressursar til å rehabilitere og vedlikehalde bygget, og ynskjer difor ein rehabiliteringsplan, og ein realistisk finansieringsplan.»

Kyrkjeverja får fullmakt til å ta opp forhandlingar med Sogn og Fjordane Indremisjon og Høyanger Indremisjon om best mogelege vilkår for overtaking av bedehuset, og til å ta opp forhandlingar med Høyanger kommune om finansiering til nødvendig rehabilitering av bygget.

**Sak 011/19 ARBEIDSAVTALE FOR KYRKJEVERJA**

*Vedtak:*
Høyanger kyrkjelege fellesråd godkjenner det framlagde forslaget til arbeidsavtale med kyrkjeverja, som er utforma i samsvar med KA sin mal for slik avtale.

**Sak 012/19 LEIARAVTALE FOR KYRKJEVERJA**

*Vedtak:*
Høyanger kyrkjelege fellesråd godkjenner det framlagde forslaget til leiaravtale med kyrkjeverja, som er utforma i samsvar med KA sin mal for slik avtale.

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje